

---

Til: Kontrollutvalet

---

Fra: Fylkesrådmannen

---

## Tilbakemelding oppfølging av forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift ved dei vidaregåande skulane del 2

Fylkesrådmannen viser til sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2"» i fylkestinget 8. mars 2018, der fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet. I mai 2018 laga fylkesrådmannen i tråd med vedtaket ein handlingsplan til kontrollutvalet.

Arbeidet med tiltakspunkta held fram og vedlagt er rapportering på status pr november 2020. Det er mange rutinar som skal utarbeidast og innførast ved dei vidaregåande skulane. Det er gjennomført fleire samlingar med skular og rektorar der økonomirutinar har vore tema. Fram til no har budsjettering og økonomistyring vore hovudtema. Rutinar for oppdragsverksemd og forretningsdrift var planlagd våren 2020 men vart dverre ikkje gjennomført fordi mykje vart endra på grunn av situasjonen med korona.

Overordna rutine, definisjon av forretningsverksemd og skjemabank er lagt inn i kvalitetssystemet. Det er dialog med skular som har forretningsverksemd. Dette arbeidet held fram.

Definisjonen av skulane si forretningsdrift og/eller oppdragsverksemd vil omfatte alle variantar av verksemd som skulane tar betalt for. I utarbeiding av høvelege rutinar vil dette krevje ei nærmare presisering/differensiering:

1. Med oppdragsverksemd meiner ein verksemd som har som føremål å skape inntekter til skulane. Eksemplar på slik verksemd kan vere:
  - a. Utleige av rom/bygningar/utstyr.
  - b. Kursverksemd ved bruk av eigne eller eksterne lærekrefter.
  - c. Sal av produkt som ikkje direkte er relatert til undervisninga ved skulen.
  
2. Med elevaktivitetar knytt til undervisninga meiner ein aktivitetar som genererer inntekt til skulane, men som har undervisning for eigne elevar som hovudføremål. Eksemplar på slik verksemd kan vere:
  - a. Sal av elevprodukt som er eit direkte resultat av elevane sine læringsmål.
  - b. Oppdrag der elevar/klassar utførar arbeid for kundar i nærmiljøet, og der kunden dekker utgiftene til materialar og utstyr.

Skulane vil gjennom undervisningspraksisen ha ein reell produksjon av varer og tenester, då dette i mange høve er ein viktig del av skulen sin pedagogikk.

Opplæring og kompetanse har saman med representantar for skulane utarbeidd overordna rutinar og rutinar knytt til kvar del av definisjonen. Et er laga skjema som for loggføring og grunngjeving som skal nyttast både når skulen tek på seg elevoppdrag og når dei vel å avslå oppdrag.

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar -leg	Frist	Status:
1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd/forretningsdrift, og sikre at definisjonen blir gjort kjent på skulane	Sjå på moglege skilnader mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift for fylket overordna, og sjå på moglegheita for å spesifisere skilnaden mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift for opplæringsavdelinga.	Øk.org, Egedo m, Tannhei se, Opplær ing	Q4 2019	<p><b>Status pr februar 2019:</b> I prosess meir omfattande enn venta, det er også naturleg å sjå på dette under delprosjekt 6.2 i arbeidet med nye økonomirutinar for Vestland fylkeskommune.</p> <p><b>Status pr august 2019:</b> I prosess sjå pkt 5</p> <p><b>Status pr april 2020:</b> Hittil har fokus i økonomisamlingar med skulane vore på kontostreng, budsjettering og registering av budsjett. Felles budsjettprinsipp for dei vidaregåande skulane er enno ikkje klar. Nye ruinar for</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar -leg	Frist	Status:
				<p>forretningsdrift og oppdragsverksmd er planlagd gjennomgått med skulane i mai 2020.</p> <p><b>Status pr november 2020:</b> Gjennomført - Det er utarbeida definisjon av forretningsverksemd.</p> <p><b>Status pr januar 2021:</b> Definisjon av forretningsdrift er lagt ved.</p>
2. Utarbeider ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventningar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.	Gjennomføre ei revidering av dagens retningsliner for oppdragsverksemd. Vurdere moglegheita for å tydelegere rektor sitt ansvar for forretningsdrift ved den enkelte skule. Må sikre at delpunkta i funn nr 5 vert inkludert.	Øko.or g og Opplær ing	Q4 2019	<p><b>Status pr februar 2019:</b> I prosess dette arbeidet er meir omfattande enn venta. Ferdigstilling av dette punktet avheng av pkt 1 over. Det er også naturleg å sjå på dette i samanhend med etablering av rutiner for Vestland fylkeskommune i delprosjekt 6.2 og 1.4 økonomi</p> <p><b>Status pr august 2019:</b> I prosess sjå pkt 5</p> <p><b>Status pr April 2020:</b> Sjå punkt 5</p> <p><b>Status pr november 2020:</b> Gjennomført - Overordna retningslinjer er utarbeida – vi er forsinka med gjennomgang saman med skulane pga korona og oppgåver som kom på slutten av skuleåret.</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar -leg	Frist	Status:
				<p>Mål om å få gjennomført gjennomgang av rutinar områdevis før utgangen av 2020.</p> <p><b>Status pr januar 2021:</b> Samling med vgs gjennomført digitalt i desember 2020.</p>
3. Sikrar at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglementet og/eller andre relevante styringsdokument.	Gjennomgang og revidering av delegeringsreglementet i samband med fylkessamanslåinga.	Økono mi-avdelinga	Q4 2019	<p><b>Status pr februar 2019:</b> Dette arbeidet er i prosess. DP 6.2 har fått utsett frist for levering av delegeringsreglement for Vestland fylkeskommune.</p> <p><b>Status pr august 2019:</b> Både overordna delegeringsreglement og delegeringsreglement for sektoren er under utarbeiding. Arbeid med delegeringsreglement for økonomisaker i sektoren er venta ferdig i 4 kvartal.</p> <p><b>Status pr April 2020:</b> Gjennomført - Nytt delegeringsreglement for Vestland fylkeskommune er utarbeida og vedteke av fylkestinget i Vestland.</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar-leg	Frist	Status:
4. Etablerer, og held ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.	Gjere ei vurdering av å ha ei slik oversikt. Vurdere hensiktsmessigheit og korleis ei slik oversikt skal bli oppdatert.	Opplæring	Q4 2018  Utg 2020	<p><b>Status pr februar 2019:</b> Når rekneskapen for 2018 er avslutta har vi ein oversikt over omfang og omsetnad i 2018. Ved bygging av kontorstrep i Vestland fylkeskommune vil det verte vurdert om det er mogeleg ta omsyn slik at ein gjennom rekneskapen får betre oversikt over forretningsverksemda.</p> <p><b>Status pr august 2019:</b> Ny ansvarskontoplan for dei vidaregåande skulane er utarbeida. Oppdragsverksemd/forretningsdrift har fått eit gjennomgåande siffer i kontstengen (likt for alle skular). Vidare er det mogeleg å lage ytterlegare detaljering i 5 (og 6 siffer) i kontostrenget slik at ein kan få ytterlegare overseen over områder innan oppdragsverksemd/forretningsdrift.</p> <p><b>Status pr april 2020:</b> Skulane har fått opplæring i ny ansvarskontoplan og det er lagt inn lokalt budsjett. Det er planlagd gjennomganger med kvar skole av fjorårets resultat og budsjett.</p> <p><b>Status pr november 2020:</b> Dette er ei oppgåve som gjennomførast årleg ved årsavslutninga.</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar-leg	Frist	Status:
<p>5. Utarbeider, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Korleis forretningsdrift skal bli budsjettert</li> <li>b. Kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert</li> <li>c. Første fase av oppdragsfaktuering som skulen er ansvarleg for</li> <li>d. Riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva</li> <li>e. Eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryssubsidiering</li> <li>f. Rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn på skulane</li> </ul>	<p>Oppfølginga vert gjennomført under punkt 2.</p>	Øk.org og Opplær ing	Q4 2019	<p><b>Status pr februar 2019:</b> Arbeid med nye rutiner er i gang, men arbeid forsinka grunna pkt 1 og 2. Fylkesrådmannen meiner difor det er natuleg å ha nye rutinar på plass Vestland fylkesommune starter opp.</p> <p><b>Status pr august 2019:</b> Fram til juni 2019 var arbeidet innan økonomområdet i opplæringssektoren organisert under DP 1.4 - Budsjett og økonomiplan for opplæringssektoren. Delprosjektet har levert sluttrapport, rapporten skal handsamast i fellesnemnda 18 september 2019. Sluttrapporten inneholder mellom anna anbefalingar om rapportering, opplæring og driftsdialoag med skulane på økonomiområdet. Oppdragsverksemrd/forretningsdrift vil inngå i dette</p> <p>Konklusjonar i sluttrapporten:</p> <p>« - det vert etablert fire rapporteringspunkt pr. år for alle deler av sektoren, i tillegg til årsrapport; ved utgangen av februar, april, august og oktober. Dersom det vert lagt opp til andre rapporteringspunkt på overordna nivå, må</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar -leg	Frist	Status:
				<p><i>rapporteringspunktet i sektoren tilpassast dette.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>det vert utforma standard rapportar i Visma som kan nyttast til føremålet.</i></li> <li>- <i>dersom årsprognosane viser ubalanse mellom tildelt budsjett og forbruk må den einskilde skule/resten av opplæringssektoren syne planlagde tiltak for å kome i balanse.</i></li> <li>- <i>rapportane skal som hovudregel handsamast administrativt. Ved behov må ei overordna vurdering for sektoren til politisk handsaming.</i></li> <li>- <i>det vert halde internopplæring frå staben i avdeling for opplæring og kompetanse til skulane når det gjeld budsjettering, økonomistyring og rapportering. I tillegg kjem løpende rettleiing på desse</i></li> </ul>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar -leg	Frist	Status:
			Mai 2020	<p><i>områda.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>det vert etablert driftsdialog med skulane, dvs halde eigne møte med den enkeltståande skule om driftsproblematikk»</i></li> </ul> <p>Det vidare arbeidet med å etablere felles rutinar for sektoren i Vestland fylkeskommune skal foregå i den ordinære driftsorganisasjonen. Målsettinga er framleis at det skal vere klart i 4 kvartal 2019. Ein vil har særskilt merksemd på oppdragsverksemnd/forretningsdrift i dette arbeidet.</p> <p><b>Status pr november 2020:</b>  Overordna rutinar for oppdragsverksemnd/forretningsdrift er publisert. Det jobbes med skjemabank og oppfølging av enkeltskular som har forretningsverksemnd.</p> <p><b>Status pr januar 2021:</b>  Oppdaterte rutinar pr januar 2021 er lagt ved.</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvar -leg	Frist	Status:
6. Gjennomgår praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurderer om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryssubsidiering og ulovleg offentleg støtte ikke førekjem.	Evaluere praksis etter at punkta over er gjennomført for å sjå om det er nødvendig med fleire tiltak.	Økonomi- og organisasjonsrådgivning og Opplæringsråd.	Q2 2019	<p><b>Status pr august 2019:</b> Arbeidet er igangsett ved at det er tatt ut rapportar og gjort nokre analysar. Vidare arbeid avheng av at nye rutinar for økonomioppfølging er etablert.</p> <p>April 2020: Status vil vert gjennomgått på nytt når vi har sikrar at det vert arbeida likt i heile Vestland</p> <p><b>Status pr November 2020:</b> Dette må vere ei løpende årleg oppgåve for skulane og må inngå i økonomidialog med skulane.</p> <p><b>Status pr Januar 2021:</b> Når rekneskapen for 2020 er avslutta er planen at vi skal følgje opp skular med oppdragsverksemd særskilt.</p>